



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1532 - 16/13481

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

20.05.2016

Dispensasjonssøknad på høyring - riving av naust og oppføring av bygg med naust/fritidsbustad mm - gbnr 60/15 Langenes.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for tiltak på gbnr 60/15. På eigedomen ligg det eit bygg med blanda føremål naust/fritidsbustad (skildra som hovudhytte), eit naust (skildra som hovudnaust) og eit anneks. Omsøkte tiltak gjeld riving av hovudnaust og oppføring av nytt bygg med same storleik men med blanda føremål naust/fritidsbustad, fasadeendring på hovudhytte, etablering av gangbru mellom bygga og riving av eksisterande anneks.

Eigedomen har eit eldre direkteutslepp utan reinsing, for svartvatn frå annekset som skal rivast. Det må søkjast om nytt utsleppsløyve for nytt bygg som er i samsvar med krava som gjeld i dag. Det ligg ikkje føre søknad om utsleppsløyve og plassering av avlaupsanlegget er heller ikkje vist på situasjonsplanen.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommuneplanen sin arealdel. Området er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. Det er søkt om dispensasjon frå punkt 1.1, 2.20 og 2.21 i føresegnene til kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona, § 1-8 i plan- og bygningslova.

Før kommunen handsamar søknaden ber vi om uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - rammeløyve - gbnr 60/15 Langenes

Opplysninger om tiltakets ytre rammer

Søknad om dispensasjon

Nabovarsel

Situasjonsplan

Planteikning

Teikning

Teikning

Teikning

Følgjebrev

matrikkelkart gbnr 60-15

Ortofoto 2009 gbnr 60-15

Oversiktskart med KP gbnr 60-15

Utsnitt KP gbnr 60-15

Kopi til:

Casper Hestness	Nesbakken 30	5114	TERTNES
SUNDT ARKITEKTER AS	Strandgaten 50	5004	BERGEN

Mottakarar:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN